

Samstyret for Myrkdalen
v/ Leif Arne Lirhus
Myrkdalsvegen 733
5713 Vossestrand

Fylkesmannen i Hordaland,
Landbruksavdelinga v/Dirk Kohlmann Tvedt,
Pb. 7310
5020 Bergen

Myrkdalen, 13.01.2007

Søknad om midlar til verdiskapingsprogrammet ”Landskapsparkar i Hordaland”

Myrkdalen landskapspark

Handlingsplan

Bakgrunn

Myrkdalen er frå gammalt ei jordbruksbygd med mjølkeproduksjon og sauehald. Ein del mindre gardsbruk har blitt lagde ned eller blitt slegne i hop til større einingar. Ein del gardbrukarar har selt mjølkekvotane sine og har gått over til meir ekstensiv drift eller leigt vekk jorda. Somme har teke seg arbeid utanom garden.

Sidan 2002 har Voss Fjellandsby blitt bygt opp med hytter og andre bustader. Det er bygt eit heisanlegg i området, og sentralt i dette blir det utvikla eit senterområde. Denne utviklinga vil halda fram i dei næraste åra.

Frå før har ein Årmoelia Skisenter for langrenn og skiskyting. I tillegg finst ein mindre hoppbakke, Nyestølsbakken.

Hausten 2005 blei Samstyret for Myrkdalen skipa. Samstyret er ein organisasjon som består av representantar for ulike organisasjonar i dalen, Myrkdalen ungdomslag, Myrkdalen grunneigarlag, Myrkdalen bygdekvinnelag, Myrkdalen sau- og geitagslag, representant for SFO og nokre uavhengige medlemmer.

Samstyret skal arbeida for samarbeid om vekst og utvikling i Myrkdalen, mellom anna medverka til ny næringsutvikling og ta vare på eksisterande, og stimulera til næringsutvikling knytt til natur- og kulturlandskap.

Myrkdalen ligg tett inntil Stølsheimen landskapsvernområde. Myrkdalen har tradisjonelt vore kjent som ei jordbruksbygd med rikeleg høve til friluftsliv sommar som vinter. I tidlegare tider var her eit rikt stølsmiljø. Stølane blir i dag vedlikehaldne og brukte til fritidsføremål og berre i mindre målestokk som ein del av gardsdrifta.

Prosjektmål

Føremålet med Myrkdalen landskapspark er å stimulera til auka aktivitet innan reiselivet i dalen. Dette skal knytast opp mot natur- og kulturlandskapet. Prinsippet for geoturisme skal leggjast til grunn. Målsetjinga er mellom anna å ta vare på og utvikla landskapet slik at det i framtida er eit ope landskap og aktivt jordbruk.

Det er eit viktig mål å medverka til at det blir etablert varige arbeidsplassar i dalen for å oppretthalda og auka folkesetnaden. Etter at prosjektperioden er over ved utgangen av 2008 skal Myrkdalen landskapspark vera ein berekraftig og sjølvgåande organisasjon.

Delmål

1. Hindra at Myrkdalen ikkje gror igjen.
2. Få tilreisande til å stogga i dalen, fleire overnattingar
3. Medverka til auka lokal matproduksjon
4. Opplevingar knytt til vatn og elv
5. Auka Myrkdalen sin identitet

Tiltak

1. Næringsaktivitets-hus for kunst –og handverk
2. Tilby pakka turar og opplegg
3. Base for opplevingar
4. Sykkelstiar tilrettelagt også for handikappa
5. Kartleggja og merka stiar og utarbeida kart over desse
6. Kurs / studieturar
7. Prosess fram mot skiping av landskapspark
8. Utarbeida logo og visjon for landskapsparken

Organisering av prosjektet

Samtyret er eigar av prosjektet. Samstyret har ikkje fått eige organisasjonsnummer, men arbeidet er i gang, og dette vert ettersendt so raskt som mogeleg.

Det vil bli sett ned ulike grupper samansett av aktørar og Samstyret, t.d. ei gruppe for lokal mattradisjon. Prosjektet skal utvikla ein organisasjon som er sjølvstendig når prosjektperioden er over.

Samarbeidspartnarar

1. Grunneigarar i dalen
2. Reiselivet i dalen
3. Interesserte aktørar som høver inn i konseptet
4. Utviklingsplanen for Myrkdalen
5. Andre landskapsparkar

Budsjett og finansieringsplan

Sjå arket nedanfor!

Med helsing

Leif Arne Lirhus
leiar

Budsjett og finansieringsplan

| | Tiltak | Ansvarleg | Kostnad | Tilskot Landsk.p. | Eigeninnsats og.a. finans. | Tidsplan |
|------|--|---|----------------|------------------------------|---------------------------------------|-----------------|
| Plan | Næringsaktivitets-hus for kunst –og handverk | Samstyret | 50 000 | 40 000 | 10 000 | 2007-2008 |
| Plan | Tilby pakka turar og opplegg | Samstyret i samarbeid med .. • Finnbunuten Friskus • Voss Aktiv | 30 000 | 20 000 | 10 000 | 2007-2008 |
| Plan | Base for opplevingar | Samstyret i samarbeid med .. • Finnbunuten Friskus • Voss Aktiv | | | | 2007-2008 |
| Plan | Sykelstiar tilrettelagt også for handikappa | Samstyret i samarbeid med .. • Voss Aktiv | 100 000 | 70 000 | 30 000 | 2007-2010 |
| | Kartleggja og merka stiar og utarbeida kart over desse | Samstyret | 100 000 | 70 000 | 30 000 | 2007-2010 |
| | Utarbeida logo og visjon for landskapsparken | Samstyret | 30 000 | 20 000 | 10 000 | 2007 |
| | Organisering av rydding av stiar | Samstyret | 50 000 | 30 000 | 20 000 | 2007-2008 |
| | Kurs / studieturar | Samstyret | 50 000 | 30 000 | 20 000 | 2007-2008 |
| | Prosjektleder/sekretær | Samstyret | 150 000 | 150 000 | 0 | 2007-2008 |
| | Prosess, møte m.m. | Samstyret | 100 000 | 60 000 | 40 000 | 2007-2008 |
| | Sum | | 660 000 | 490 000 | 170 000 | |

| | |
|---------------------------------|---------|
| FMLA | 410 000 |
| Voss kommune | 80 000 |
| Eigeninnsats og a. finansiering | 170 000 |
| Sum | 660 000 |